



Stor stas for dei unge løparane Anna Elisabeth, Birk, Tord og William at trenar Pål tok turen til Voss.

Forrige helg deltok 5 Uskedelinger i krinsmeisterskapet og vestlandsmeisterskapet i langrenn på Voss. Dei unge langrennsløparane syntes det var ekstra kjekt at trenarveteranen Pål Haugland var på plass for å heia dei flinke elevane sine gjennom løypa. Til saman var det rundt 20 kvinnheringar frå UIL, OIL og IL Ternen som deltok i dei to meisterskapa.

På Voss fekk løparane bryna seg mot dei aller beste i området. Marcus Enes-Seberg vann både krinsmeisterskapet og vestlandsmeisterskapet i sin klasse, gutar 13 år, medan Erik Soma Ersland frå Ternen vart vestlandsmeister i klasse gutar 11 år. Resten av løparane frå Kvinnherad gjorde det også godt. Av uskedelinge fekk Anna Elisabeth Samland Eik beste plasseringa då ho med 3.plass vann ein imponerende bronse i KM i klasse jenter 13 år. Ho fekk også ein flott 4.plass i vestlandsmeisterskapet. Birk Sæle fekk ein flott 9.plass i KM for gutar 14 år, medan broren Tord hamna ein plass høgare på resultatlista i menn 19/20 år. 10 år gamle William Samland Eik gjekk flotte løp både i KM og VM, men han er så ung at det ikkje var rangering i hans klasse. Vel 50 år gamle Oddmund Soldal held framleis imponerende fart i langrennsporet og vart nr. 22 i seniorklassen i KM.

Det vert elles meldt om at det var ei kjempekjekk helg med ein viktig sosial gevinst for løparane frå dei ulike kvinnheradslaga. Også støtteapparatet hadde svært godt utbytte, mellom anna ved utveksling av erfaringar mellom dei ulike smørje-teama.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Espen Eik